

GOL KOMMUNE
Gamlevegen 4
3550 GOL

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/04069-334	01.07.2019
	Ark.: 326.12	

Vedtak i namnesak 2016/2 del 2 - Nøreimsvollen - Gol kommune

Kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Gol kommune:

- *Nøreimsvollen* (seter/støl)
- *Nøreimsvollen* (bruk 13/3)

Vedtaket er gjort med heimel i § 5 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

I samband med at Stadnamntenesta gav tilråding om ein del adressenamn i 2015, reiste dei namnesak for namnet *Nøreim* med avleiingar for å avklara skrivemåten før namnet vart teke i bruk i adressenamnet *Nøreimsvollvegen*. Stølsnamnet/bruksnamnet *Nøreimsvollen* på bruk 13/3 vart ikkje teke med i saka, og namnet kom difor ikkje med i vedtaket Kartverket gjorde i november 2017. Gol kommune har i etterkant bede om vedtak i dette namnet òg av omsyn til adressesaka, og Kartverket opna då for at dette kunne gjerast med noko forenkla sakshandsaming dersom namnet har tradisjon på staden, og kommunen stadfester at grunneigaren er einig i at namnet *Nøreimsvollen* kan fastsetjast som namn på staden. Kommunen har stadfest dette med kopi av eit brev dagsett 14.04.2019, der grunneigar Magnus Narum på bruk 13/3 bed om *Nøreimsvollen* som namn på vegen inn til denne stølen.

Juridisk grunnlag

Ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn er hovudregelen at det skal takast utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, og at namnet skal normerast etter gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikke skyggja for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn er det gjeve nærmare reglar om normering av stadnamn. Det må takast omsyn til det som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før, normeringspraksisen i området og skriftradisjonen for namnet saka gjeld. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal spela inn, og serskilt ynsket til eigaren skal vektleggjast når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer ligg innanfor regelverket.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar. Vedtak som gjeld stadnamn får ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn, og slektsnamn skal heller ikkje påverka skrivemåten av stadnamn.

Vurdering

Skrivemåten av gardsnamnet *Nøreim*, som er primærnamnet til stølsnamnet *Nøreimsvollen*, vart vurdert i fyrste del av namnesak 2016/2, der det vart gjort vedtak 16.10.2017. Namn samansette med gardsnamnet fekk binde-s i samsvar med uttalen, t.d. *Nøreimsbekken* og *Nøreimshytta*. Skrivemåten *Nøreims-* i *Nøreimsvollen*, som er ynskt lokalt, er i samsvar med dette, og difor uproblematisk. Det same gjeld skrivemåten av etterlekken *-vollen*, som er i samsvar med rettskrivinga og lokal normeringspraksis for denne namnelekken i stadnamn.

Eit omsyn som òg må vurderast i denne saka, sidan namnet ikkje har vore i offentleg bruk frå før, er sjølve namnevalet. Eigaren av denne stølen er òg eigar av *Søre Nøreim*, noko som gjer namnevalet *Nøreimsvollen* naturleg. Mange stølseigedomar i Gol er kalla opp etter gardsnamnet eller bruksnamnet på denne måten. Stølsnamnet er dokumentert i bygdeboka *Boka om Gol 4*, s. 38, der det står at Ørterstølen no er «delt i to vollar, Rustevollen og Nøreimsvollen».

Bruksnamnet som står på bruk 13/3 frå før, «1/2 Seter Ørtestølen», er mest å rekna som ein merknadstekst, og Kartverket vurderer at det ikkje har vern etter § 3 i lov om stadnamn. *Ørterstølen* er namn på heile stølen på staden, *Nøreimsvollen* medrekna, og vert vidareført som før.

Nøreimsvollen er å rekna som eit nedervt namn, og skrivemåten *Nøreimsvollen* vert fastsett for offentleg bruk i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 10 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. For vedtak som gjeld bruksnamn, skal kommunen sende melding direkte til eigarane av bruk som vert påverka av vedtaket.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namn på eige bruk dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket har vedteke, kan han senda krav om det til Kartverket og leggja ved gyldig dokumentasjon. Dersom kravet vert godteke, er det framleis Kartverket som formelt vedtek skrivemåten.

Bruk av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 9, serskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: *Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.* Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Kommunen sender relaterte adressenamnvedtak til Kartverket på vanleg måte, slik at me kan leggja namna inn i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Klage

Etter § 10 i lov om stadnamn kan vedtak om skrivemåten påklagast av dei som etter § 5 fyrste ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein reiser ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til ei serskild klagenemnd oppnemnd av Kulturdepartementet.

Venleg helsing

Tor Ivar S. Majercsik
fylkeskartsjef

Erlend Trones
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Språkrådet